



# Kyrkjehola Kulturbete

KULTURBEITE

## Føremål med programmet

- ♣ Kyrkjehola Kulturbete har ambisjonar om å vere eit attraktivt utstillingsvindauge for eit breitt spekter av kreativ aktivitet. Det kulturelle tilbodet skal vere av høg kvalitet og femne om ulike sjangrar innan kunstartar som musikk, litteratur og biletakunst.
- ♣ Vi ønskjer å profilere profesjonelle kulturformidlarar med base i vårt eige distrikt.
- ♣ Vi ønskjer at dette kan medverke til ei positiv markering og synleggjering av Stordal som ein kulturmommune.

### Forehandsbestilling av billettar:

På telefon 95 27 35 42: Du blir beden om å gi opp namn på førestilling, namnet ditt og talet på billettar.

E-post: Gjennom heimesida [www.kyrkjehola.no](http://www.kyrkjehola.no) eller på adressa [billett@kyrkjehola.no](mailto:billett@kyrkjehola.no)

Frist for bestilling: Dagen før arrangementet.

Kontakttelefon (ikkje bestilling): 95 27 48 34



## Harpeberget

Multimedial installasjon

Odd Johan Overøye – musikk/lyd,  
Marit Kaldhol – tekst, Arne Nøst – video,  
Øyvind Driveklepp – lydopptak/redigering  
PRETESTOVA 29. JULI – 12. AUGUST



Harpeberget; sus av gammal segn, mystikk, det ukjende. Like ved riksvegen under Storheimshornet - der Stordal er på sitt smalaste ligg berget, eit landemerke frå farne tider. Det er blitt fortalt at folk kunne høre harpespel her når dei for framom i julehelga - m.a. nemnt hos Peter Jøsvold; "Stordal i tekst og toner". Den dag i dag minnest eldre folk Harpeberget som ein naturidyll omspunne av mystikk og eventyr.



## KYRKJEHOLA KULTURBEITE STORDAL BYGDETUN



# Kjære publikum!

Sommartid med solvarme kveldar, ljose netter, mildt regn og duftande blomsterenger. Det spører på mark og eng og det er ei glede for styret i Kyrkjehola nok ein gong å kunne invitere til eit kulturbete - frodigare og meir fargerikt enn nokon gong før.

Dei nærmeste vekene skal dei ærverdige husa i bygdetunet fyllast med musikk, bilete og ord - presentert av eit knippe av dei fremste kunstnarane og formidlarane våre.

Sommarprogrammet 2007 inneholder m.a. Kyrkjehola sin største eigenproduksjon – Harpeberget – i tillegg til møte med teaternestorar, visesong, songar langs fjorden, søramerikansk lidenskap og møte med barndommen - i tekst, musikk og grafikk.

Ønskjet vårt er at KKB skal vere eit møtepunkt; for ulike formidlingsuttrykk, for nyskaping, for sterke opplevingar, for alle som vil ha eit løft i kvardagen.

Vi ønskjer deg hjarteleg velkommen!

### Støtte frå offentlege instansar:



Hovudsponsor 2007:

**Placement**  
utvikling

**Censis Stordal AS**  
Autorisert regnskapskontor

**STORDAL AUTO AS**  
HELE VESTEN  
6250 STORDAL

ADVOKAT  
**BJØRN KRISTIAN HOVE**  
M.N.A.

**NORDVESTKRAFT**

**NTNU**  
Det skapende universitet

**Stordal**

FORTIDSMINNEFORENINGA  
Foreningen til Norske Fortidsminnemerkers Bevaring

**SPAREBANKEN MØRE**



Med dette bakteppet har vi utfordra kunstnarar frå fleire felt til å lage ein installasjon med tekst, lyd og bilete. "Det har ikkje vore eit mål å fortelje ei historie "autentisk", men snarare å la segna inspirere til kreativ og open utfalding med ulike innfallsvinklar. Slik håper vi å gi næring til fantasien og opne opp nye landskap for dei som opplever installasjonen", seier aktørane. Namnet Harpeberget er i seg sjølv både musikalisk, mystisk og klangfullt. Kyrkjehola Kulturbete ynskjer å stimulere til nyskaping i kryssingspunktet mellom ulike kunstformer og formidlingsuttrykk. Slik har ideen om installasjonen Harpeberget vakse fram - ei samansmelting av gammal folklore og moderne teknologi. Produksjonen er den største enkelt-satsinga KKB nokon gong har gjort og har mottatt støtte frå Norsk Kulturråd og Fond for lyd og bilde.



**KULTURPROGRAM SOMMAREN 2007**

# Songen langs fjorden

Konsert i samarbeid med Storfjordens venner

Med Ålesund Kammerkor leia av Rune Bergmann, Randi Lundemo - kveding, Erlend Eide - klarinett, Audun Skorgen - bass, Odd Johan Overøye - piano/arrangør.

ROSEKYRKJA SØNDAG 10. JUNI KL. 18.00




Songen som føddest inne i fjordane har klang av samspel mellom menneske og natur, skreiv Oddgeir Bruaset i forordet til CD-plata "Songen langs fjorden" (1995).

Salmetonar, skjemteviser, balladar, kulokk, bånsullar - eit breitt spekter av vakre tonar og tekstar - viser at songen hadde ein stor plass både i daglegliv og til fest for storfjordfolket. Plata med Ålesund Kammerkor, Odd Johan Overøye (arrangør) og ei rad musikk-krefter blei kåra til årets korplate i avisas Vårt Land. Koret fekk også Ålesund bys kulturpris for denne produksjonen. Med konserten i Rosekyrkja er Kammerkoret med folkemusikkvenner attar samla på eitt brett - for å markere at "Songen langs fjorden" no blir utgjeven på nyt. Legg turen til Rosekyrkja etter Storfjordens Venner sitt stemme på Kvernhusneset!



## Midtsommarkveld med Ole Paus

ROSEKYRKJA ONSDAG 20. JUNI KL. 19.30




Ole Paus har vore ein av Norges mest fargerike artistar gjennom 25 år, og har markert seg både som visesongar, humorist, satirikar og tekstforsattar. Gjennom ei lang rekke plateutgjevingar, revyar, bøker, TV-innslag og konsertar har han slått rot i den norske folkesjela som ein av våre mest folkekjære og utfordrande artistar. Som tekstforsattar er Paus ettertrakta av andre norske artistar. I det siste er han kanskje mest kjent for samarbeidet med Jonas Fjeld - To rustne herrer. I tillegg til å ytre meiningsane sine i musikkform, er Ole Paus også kjent som forfattar og foredragshaldar. Gjennom fleire kronikkar og innlegg har han stilt seg lageleg til for hogg - men han let seg ikkje målbinde!



## Strukturar

Kunstutstilling med grafikk av Martin Due  
LØSETSTOVA 29. JULI – 12. AUGUST



Martin Due bur i Molde og arbeider m.a. med grafikk, teikningar og akvarellar. Som grafikar er han autodidakt - og ein oppvekst vegg i vegg med faren sin grafikkverkstad i Uppsala har sett sine spor. Due har hatt fleire separatutstillingar m.a. to gongar på Hamsunfestivalen i Nordland. Bileta hans reflekterer det visuelle språket i tre typar landskap han gjerne oppheld seg i; det Nordlandske, det Vestlandske og det Norrländska skoglandet. Landskapet har med identitet å gjøre, men teikna i landskapa fortel også ei historie. I dei seinare åra har utforskinga av eldgamle spor og talande detaljar, kombinert med trekk frå heilskapen i motivet sitt formspråk, vore særleg interessant for kunstnaren. På utstillinga i Kyrkjehola er dette hovudtema - utført i handverksmessig avanserte djuptrykksteknikkar.



## Med ein barndom i botnen

Litterært møte med far og dotter

m/Vidar og Maria Parr

LØSETSTOVA FREDAG 10. AUGUST KL. 18.30



Det er like vanskeleg å vere barn som å vere voksen, men viss vi knip att auga og prøver å hugse, så er kanskje landskapet til å kjenne att likevel. Anten det er snakk om Dyrkorn eller Fiskå, så heiter landet Barndom. Og forteljingane om dette landet kryssar kvarandre og vert ein del av den same songen - om landet der vi alle ein gong har vore og derfor kjenner oss att. Faren Vidar Parr (1953) vaks opp på Dyrkorn. Han er utdanna lærar, men har dei siste 10 åra vore redaktør i lokalavisas Synste Møre. Dottera Maria Parr (1981) vaks opp på Fiskå i Vanylven. Ho studerer nordisk i Bergen. Ho har skrive barneboka "Vaffelhjarte - Lena og eg i Knert-Mathilde" (2005). Elles er ho fast spaltist i fleire aviser.

Litterært møte med far og dotter

m/Vidar og Maria Parr

LØSETSTOVA FREDAG 10. AUGUST KL. 18.30



Det er like vanskeleg å vere barn som å vere voksen, men viss vi knip att auga og prøver å hugse, så er kanskje landskapet til å kjenne att likevel. Anten det er snakk om Dyrkorn eller Fiskå, så heiter landet Barndom. Og forteljingane om dette landet kryssar kvarandre og vert ein del av den same songen - om landet der vi alle ein gong har vore og derfor kjenner oss att. Faren Vidar Parr (1953) vaks opp på Dyrkorn. Han er utdanna lærar, men har dei siste 10 åra vore redaktør i lokalavisas Synste Møre. Dottera Maria Parr (1981) vaks opp på Fiskå i Vanylven. Ho studerer nordisk i Bergen. Ho har skrive barneboka "Vaffelhjarte - Lena og eg i Knert-Mathilde" (2005). Elles er ho fast spaltist i fleire aviser.

## Gullalder

m/ Toralv Maurstad og Espen Skjønberg

ROSEKYRKJA MANDAG 18. JUNI KL. 19.30



Trioen Toralv Maurstad, Espen Skjønberg og Barthold Halle (regi) representerer til saman 240 år teatererfaring. Maurstad og Skjønberg er to gigantar i norsk teaterliv og i mars blei begge utnemnde til kommandørar av Den Kongelige Norske St. Olavs Orden for lang og tru teneste på norske scener. Sjølv om dei for lenge sidan har passert pensjonsalderen, har dei heldigvis ingen planer om å legge opp.



Forestillinga "Gullalder" voks fram frå eit ønske hos skodespelarane sjølv om å vidareformidle tekstar frå deira barnelærdom. Mange av tekstane er å finne i Nordahl Rolfsen si lesebok, ei bok som har betydd mykje for dei begge. Dette er ein unik sjanse til å sjå og høre to legendariske scenekunstnarar framføre tekstar dei sjølv har plukka ut.

## Jo Nesbø

- om jenter som kommer og jenter som går

Konsert m/Jo Nesbø og Lars Jones

ROSEKYRKJA ONSDAG 18. JULI KL. 19.30



Jo Nesbø har ein suksessfylt bakgrunn frå fleire arenaer - fotballspelar, aksjemeklar, krimforsattar og ikkje minst låtskrivar, songar og gitarist i popgruppa Di Derre.

Som krimforsattar har Nesbø også fått ei rad prestisjetunge utmerkingar; m.a. Rivertonprisen, Glassnøkkelen og Bokhandlerprisen. I Kyrkjehola vil Nesbø ha med seg vennen Lars Jones som medmusikar. Nesbø spelar stort sett sjølvskrivne viser - han snakkar om å reise, å lyge, om danseskule, tyske toalett, tatoveringar, om far sin og resten av familien. Tanken bak konserten er å presentere nokre forteljingar så enkelt som mogeleg - ein gitar, ein bass, eit munnspeil, to stemmer og litt nært. På ein god kveld trengs ikkje meir for å skape latter, ettertanke - og kanskje til og med litt varme.

## A Corda

- søramerikansk lidenskap og wienereleganse

Konsert m/Birgitte Stærnes (fiolin) og Martin Haug (gitar)

ROSEKYRKJA SØNDAG 5. AUGUST KL. 19.30



Dei profilerte solistane Birgitte Stærnes (fiolin) og Martin Haug (gitar) etablerte A Corda i 1997. Duoen har turnert i Norge, England, Italia, Frankrike og USA. Repertoaret spenner frå tidlegmusikk, via spansk og sør-amerikansk musikk, til samtidsmusikk og eigne komposisjonar. CD-utgjevingane «Fuego» og «Con Amore» viser duoens sjangerbreidde og har hausta svært gode omtalar i pressa. Birgitte Stærnes sin debutkonsert i 1991 og diplomeksamen ved Norges Musikkhøgskole i 1996, vekte oppsikt pga. ekstraordinære musikalske prestasjonar. Ho har mottatt fleire internasjonale prisar og samarbeidd med mange av dei viktigaste samtidsmusikarane i Norge. Martin Haug blir rekna som ein av våre fremste klassiske gitaristar. Sidan debuten i 1980 har han gitt konsertar jorda rundt og gitt ut to CD-plater som har fått svært gode kritikkar både i Noreg og internasjonalt.

## Med ein barndom i botnen

Litterært møte med far og dotter

m/Vidar og Maria Parr

LØSETSTOVA FREDAG 10. AUGUST KL. 18.30



Det er like vanskeleg å vere barn som å vere voksen, men viss vi knip att auga og prøver å hugse, så er kanskje landskapet til å kjenne att likevel. Anten det er snakk om Dyrkorn eller Fiskå, så heiter landet Barndom. Og forteljingane om dette landet kryssar kvarandre og vert ein del av den same songen - om landet der vi alle ein gong har vore og derfor kjenner oss att. Faren Vidar Parr (1953) vaks opp på Dyrkorn. Han er utdanna lærar, men har dei siste 10 åra vore redaktør i lokalavisas Synste Møre. Dottera Maria Parr (1981) vaks opp på Fiskå i Vanylven. Ho studerer nordisk i Bergen. Ho har skrive barneboka "Vaffelhjarte - Lena og eg i Knert-Mathilde" (2005). Elles er ho fast spaltist i fleire aviser.

Litterært møte med far og dotter

m/Vidar og Maria Parr

LØSETSTOVA FREDAG 10. AUGUST KL. 18.30



Det er like vanskeleg å vere barn som å vere voksen, men viss vi knip att auga og prøver å hugse, så er kanskje landskapet til å kjenne att likevel. Anten det er snakk om Dyrkorn eller Fiskå, så heiter landet Barndom. Og forteljingane om dette landet kryssar kvarandre og vert ein del av den same songen - om landet der vi alle ein gong har vore og derfor kjenner oss att. Faren Vidar Parr (1953) vaks opp på Dyrkorn. Han er utdanna lærar, men har dei siste 10 åra vore redaktør i lokalavisas Synste Møre. Dottera Maria Parr (1981) vaks opp på Fiskå i Vanylven. Ho studerer nordisk i Bergen. Ho har skrive barneboka "Vaffelhjarte - Lena og eg i Knert-Mathilde" (2005). Elles er ho fast spaltist i fleire aviser.

## Kammermatiné i Grieg-året

m/instruktørar og unge talent frå "Borg-kurset"

ROSEKYRKJA SØNDAG 12. AUGUST KL. 16.00



Som avslutning på sommarkurset ved Borg Folkehøgskule, legg instruktørar og deltakarar ein avslutningskonsert til Kyrkjehola. Vi får høre ein strykekvartett med eit stjernelag av kammermusikkutøvarar og eit kammerorkester med unge talent - leia av Rune Bergmann, inkl. soloinnslag med vår eiga Kristina Malene Stavseng. Bjarne Fiskum (fiolin) er professor ved NTNU og har vore mentor for norsk kammermusikk i ein mannsalder. Alexander Rybak (fiolin) er ei stigande stjerne på fleire musikkfelt; vinner av "Kjempesjansen" 2006 og hovedrolle i "Spelemann på taket". Maria Mjølhus (bratsj) er ein allsidig utøvar frå både Hot Club de Norvege og Oslo Filharmoniske Orkester. Eero Voitk (cello) har vi friskt i minne frå den vakre avslutningskonserten i Kyrkjehola i 2005. Eero har m.a. hatt fast engasjement ved Det Kongelige Teater i København.

